

Miljøverndepartementet
Postboks 8013 Dep.
0030 Oslo

Ref: TD/02044

Dato: 25.06.2002

NOU 2002: 1 Fortid former framtid Høyringsfråsegn frå Landslaget for Lokal- og Privatarkiv

Styret i LLP i styremøte 14.06.02 vart samde om fylgjande fråsegn:

LLP er ein landsdekkande interesseorganisasjon for lokal- og privatarkiv, og har eit stort nettverk av arkivinstitusjonar/depot med omfattande kjelde-materiale som er relevant i kulturminnevernet – og i forvaltninga av dette.

NOU 2002:1 legg stor vekt på "Musea i kulturminnearbeidet" (Kap. 7), "Kunnskap, forskning og kunnskapsspreiing" (Kap 11) og "Registre" (Kap. 12).

Men ein legg lite vekt på kjeldetilfanget som fins i ulike arkiv/institusjonar – eller arkivering, eventuell samordning, tilgjengeleggjering av dette – og arkivering av nyare dokumentasjon av kulturminna.

LLP finn dette som ein stor mangel i utgreiinga, og kan gjerne (ev. saman med Arkivverket) koma med innspel om korleis dette kan gjerast for å sikre materialet for framtida – og gjera det tilgjengeleg i samtida.

Gudmund Valderhaug
sign. leiar


Birthe Nebdal
org.sekr.